

KYSTMUSEET I ØYGARDEN

*Ovågen, 5337 Rong * tlf 56385050 - fax 56385051*

O R G . N R 9 7 9 9 7 5 7 2 4

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Kystmuseet i Øygarden 27.06.02

NOU 2002:1 FORTID FORMER FRAMTID – HØRING

Kystmuseet i Øygarden støtter Norges Museumsforbund sin uttale til høring av NOU 2002:2. Det er positivt at det er laga ein eigen kulturminneutgreiing som skal føljest opp med ei eigen Stortingsmelding.

I mange år har det vore fokusert på at kysten sin kultur og kulturminne ikkje har vore nok teken vare på samanlikna med andre felt, som mellom anna bonde kulturen. Noreg har store muse som syner den austlandske bondekulturen, som eks. Maihaugen, Folkemuseet på Bygdøy og Skogbruksmuseet for å nemne nokre. Innan for dette området finn ein og dei fleste freda bygningar i Noreg.

I Fortid former framtid står det:

Noreg er en kyst- og sjøfartsnasjon. Likevel er viktige deler av kystens kulturhistorie og kulturminner knyttet til fiskerinæringen bare i beskjeden grad tatt vare på gjennom innsats fra den offentlige kulturminneforvaltning. Samtidig har klimatiske forhold og store strukturelle endringer i arbeids- og næringslivet ført til at vesentlige deler av kystens kulturminner er i ferd med å forsvinne.

I fortsettinga står det at presset på kysten og de nære sjøområda som rekreasjonsområde er stort i Noreg. På Sørlandet har dette lenge vore eit problem og no er Vestlandet utsett for det same med mykje utbygging i strandsona og i nære sjøområde.

Løysinga på dette er i følge Kulturminneutvalet å få utarbeida ein eigen plan for forvaltning og formidling av mangfaldet i kysten sin kulturhistorie. Det er vel og bra, men vi hadde vona at utgreiinga hadde nokre konkrete forslag til tiltak som kunne settast i verk snarast. 1990 åra

skulle vera kystkulturen sitt tiår. Kystkulturen har vore framheva som satsingsområde lenge. Arbeidet med ein forvaltningsplan tek lang tid, kysten sine kulturminne er i altfor liten grad teken vare på og det er knapt med ressursar til å gjera dette slik det er i dag. Vi har mellom anna mange spesielle sjøbruksmiljø og installasjonar knytt til fiske, som "fortel" om fiskerinæringa si historie. Dei ulike funksjonar som desse kulturminna syner, er ikkje gjenspeila i anna arkivmateriale.

Fiskeriminister Svein Ludvigsen seier i avisa Nordlys laurdag 11. mai 2002.

Det er slått fast fra Stortingets side at hvert departement har museumsansvar innenfor sine områder, og **Stortinget har flere ganger uttalt at kystkultur skal være prioritert område.** Hittil har ikkje Fiskeridepartementet hatt tilstrekkelig handlingsrom i budsjettet for ulike museumstiltak. Dette er det nå nødvendig å gjøre noe med. Eg ser for meg at vi i budsjettet for 2003 skal ta det første ansvar ved å markere dette som en begynnelse....

Målet er å fremme en museumsstruktur som styrker kystens identitet, viser næringenes nasjonale verdi og kysten sentrale betydning for Norge som nasjon.
(mine uthevingar)

Mykje av verdiskapinga i Noreg i dag skjer i kystområda på Vestlandet og i Kystmuseet sitt nærområde (Mange oppdrettsanlegg, Kollsnes gassanlegg og oljeterminalen på Stura). Dette burde visa attende i økonomisk satsing på kulturminnevernet i dette pressområdet!

Vi ser svært positivt på at det vert egne reglar for kulturminnar og kulturmiljø i skatte- og avgiftsverket.

Vi ynskjer ei auka økonomisk satsing på vern av kystkulturen no , slik at kysten sine kulturminne vert teken vare på før det er for seint. Parallelt bør det utarbeidast ein eigen plan for forvaltning og formidling av kysten si kulturhistorie.

På vegne av Kystmuseet i Øygarden

Björg Christophersen

Björg Christophersen

Museumstyrar/konservator